



Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:


21/1181 - 3 / CMS

Dato:

08.11.2021

## Søknad til uttale - gbnr 157/17 - Lerøy - flytebrygge

Austrheim kommune har fått søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel til utlegging av ei mindre flytebryggje for 6 eigarar av fritidsbustader. Omsøkt flytebrygge ble lagt ut i 2013 etter godkjent dispensasjonssøknad. Dispensasjonen vart midlertidig og varte i fem år. Flytebryggen ligg no utan løyve, og tiltakshavar hadde ikkje vore klar over at midlertidig dispensasjon vart utgått. Området er i bebygd strøk og er ikkje urørt. Området der omsøkt tiltak er vert vist på diverse kart under:



Omsøkt område langs Lerøyvegen




**Situasjonsfoto over. Omsøkt flytebrygge ligg allereie ute.**

Austrheim kommune ser at med å samla båtane i omsøkt område i ei flytebryggje vert arealinngrepet i sjøen mindre. Det vert tryggare for folk å kome til og frå båtane i all slags ver. Båtane vert og betre sikra mot vær og klima. Alternativet er at fritidsbustadene må legge ut blåsar og beslapelegge meir areal i sjø for å sikre båtane sine. Tiltaket er ikkje til ulempe for friluftsliv, årmenta, fiskeri eller for biologisk mangfald i området.

Austrheim kommune meiner også at det totale arealinngrepet i området vert mindre med dette tiltaket. Då då unngår ein flyteblåser, tauverk og ilar frå fleire båtar i området. Totalinngrepet i sjøen og på land vert

også ikkje av særleg størrelse, målet til flytebrygga er  $6,2 \times 2,4$  meter – under  $15m^2$ . Flytebryggja skal og vera open for ålmenta.



Utsnitt frå KPA med ca plassering av omsøkt flytebryggje markert i raudt.

Området på land er **LNF-område**. Området i sjø er **Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone**. Søknaden ligg som vedlegg.

Austrheim kommune ser også positivt på eit tiltak som gjer 6 fritidsbustader tilgong til sjø gjennom ei såpass liten flytebryggje.

Austrheim kommune ber om at ein eventuell uttale frå dykk til dispensasjonsøknaden kjem inn i løpet av fire veker. Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål i saka.

Med vennleg helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Bergen havn - søknad  
Sakspapir  
Kvittering for nabovarsel  
Søknad  
Søknad - gbnr 157/17 - Lerøy - flytebrygge

**Mottakere:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER